


Prosjektutredning

Øvingsfelt GMBR



**GULEN OG MASFJORDEN
BRANN OG REDNING**



Forord

Gulen og Masfjorden brann og redning (GMBR) har, i skrivande stund, 54 menn og kvinner tilsett i ulike rollar i brannvesenet.

Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen sin § 7-3, set krav til yrkesutdanning av brannkonstabel, men ved inngangen til 2017 var det berre 18 av desse som innfridde dette kravet. Desse 18 utdanna me lokalt i 2013. Dette var fyrste ledd i kompetansehevinga som var lagt opp til då brann og redningstenesta vart beslutta oppgradert i 2011 (etableringa av GMBR). På det tidspunktet vart det gjeve dispensasjon frå dette kompetansekravet, men frå 1. januar 2017 er dispensasjonen trekt attende og manglande kompetanse går over til å verta eit avvik om det ikkje er på plass.

Manglande kompetanse i deltidsbrannvesen er ei stor nasjonal utfordring. Likefullt er det vert å merka seg at Gulen og Masfjorden har høgt frávær av formell kompetanse for brannmannskapa, sett i forhold til gjennomsnittsbrannvesena nasjonalt.

Utfordringane i deltidsbrannvesen er ikkje berre fravær av økonomiske ressursar for å få kompetansen på plass, men også tilrettelegging for å få tileigna seg kompetansen lokalt, slik at belastninga vert så liten som mogeleg for mannskapa som skal tileigna seg denne. Dette var bakgrunnen for at «bestillinga» i 2011 var at kompetansebygginga skulle skje lokalt.

Dette arbeidet starta me på med grunnkurset som me gjennomførte lokalt i 2012/13, men det viste seg at dette var sær arbeidskrevande å få til i forhold til logistikk (mannskapa sine forpliktelsar i familie og hovudarbeidgjevar), i tillegg til at det var krevande økonomisk. Heldigvis går verda vidare og då Norges brannskole /Dsb på hausparten 2016 orienterte om at dei ville freista ut ein ny modell for opplæring gjennom e-læring, var me ikkje snauare enn at me klarte å få vera pilot for den nye modellen. Me har i denne stund ca 15 av mannskapa som er godt i gang med denne utdanninga. Så langt ser dette svært lovande ut, men det som også er ein realitet er at denne yrkesutdanninga skal avsluttast med ei såkalla praksisveke. I 2013 kjøpte me denne hjå Flora brannvesen, men dette var både kostbart og krevande i forhold til å finne tidspunkt som passa deltakarane.

Det er fleire fordelar med å ha sitt eige øvingsfelt, men dette er hovudbakgrunnen for denne utredninga.

Masfjorden 1. mars 2017
Sigvald Kvinge
Brannsjef

Innleiing

Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen sin § 7-1 seier, mellom anna, sitat:

Det skal gjennomføres praktiske og teoretiske øvelser med slik hyppighet, omfang og innhald at personellets kompetanse vert vedlikehalde og utvikla sli at den er tilstrekkeleg til at brannvesenet kan løysa dei oppgåver dei kan forventast å verta stilt overfor

Dette betyr i praksis at me har eit behov som fyljande:

1. I samband med fagutdanninga (grunnkurs) treng GMBR eit anlegg der mannskapa får demonstrert brannfysikk og der dei får opplæring og trening i praktisk brannslukking og slukking av veskebrannar, (m.a.)
2. Røykdykkarane våre har eit krav om minst eit årleg varmt dykk. Dette har tidlegare vore gjennomført i samband med nedbrenning av hus eller at mannskapa har reist til Hallingdal for å få dette kravet innfridd.
3. I samband med praktisk slukkeøving av veskebrannar, treng ein eit godkjent anlegg der det er tilrettelagt for å ha kontrollert oppsamling av avrenning i samband med dette. Dette krev tilrettelagte fasiliteter, noko som ein kan leggja til rette for om ein har eit slikt anlegg.

Utover dette er det fleire av brannvesena frå omkringliggjande kommunar som treng øvingsfasilitetar for å få lært opp og øvd sine mannskap.



Møte om kartlegging av behov. Deltakarar var fylkesmannen, Norges brannskole, Sivilforsvaret, nabokommunar, lokalt næringsliv, m.f.

Aktuelle lokasjoner for øvingsfelt

Det som er primærbehovet for GMBR er eit anlegg der me kan få gjennomført praksisveka i samband med fagutdanninga vår. I tillegg har me eit behov for eit anlegg der me kan trenna på ulike senario for alt mannskap og sist men ikkje minst eit anlegg for å gjennomføra våre årlege dykk for røykdykkarane.

Kvar anlegget er lokalisert er ikkje så avgjerande for oss. Det som er avgjerande for oss er at det er lokalt slik at mannskapa kan trenna på kveldstid og når det passar dei/oss.

Me har sett på Gulen Industrihamn som ein aktuell lokasjon, men andre områder er også aktuelle om ein får ein god avtale og forholda ligg til rette.

Fordelen med Gulen industrihamn er at her har ein god tilgang til fasilitetar som overnatting, undervisningslokaler, bespising og bilvrak, noko som alle er nyttige element å ha lett tilgjengeleg om ein skal driva med ein slik aktivitet.

Heile prosjektet er basert på å få innfridd behovet og lukka avvika som me har på oss, på rimelegaste vis. Det er difor også aktuelt å sjå på andre lokasjonar for å utreda dette. Andre aktuelle lokasjonar kan for eksempel vera Skipavika.



Ny brukt mannskapsbil. Vederlagsfritt fildelt frå Gjensidigestiftelsen i samband med «Det store brannløftet» i 2016.

Økonomi

Etablering

Ein ser føre seg at det lyt lagast ein avtale på disponering av eit areal til føremålet der GMBR kan etablere eit anlegg for aktiviteten. Arealet kan enten leigast eller at GMBR får disponere arealet mot ein kompensasjon at dei gjennomfører opplæring/øving av personellet til dei som dekkjer kostnaden med arealet.

I tillegg lyt det byggjast eit bygg/konstruksjon for aktiviteten på dette arealet. Her ser ein føre seg at dette vert prosjektert, etablert og eigd av GMBR.

Heile etableringskostnaden og driftskostnaden er tenkt dekkja av kurs/deltakaravgift frå dei som ynskjer å delta på dette på anlegget.

I utgangspunktet ser ein for seg at dette skal ha ein prosjektperiode på fem (5) år og at det skal avskrivast innanfor same tidsplan. Sjølv om anlegget er modulbasert og relativt lett å flytta, bør det vera mogelegheit for ein opsjon på nye fem (5) år på arealet. Det er lite truleg at behovet for eit slikt felt vil avta etter fem år.

Drift

Det er tanken at GMBR står for drifta av feltet. Om det er eigne mannskap, personell frå andre kommunar eller private aktørar som er kurs/øvings deltakarar. Ein ser for seg at GMBR har det formelle ansvaret både i forhold til HMS og den faglege gjennomføringa ved anlegget.

Her vil vera avgrensa kostnader knytt til drifta, men desse må like fullt inndeckast gjennom deltakaravgifta.



Kostnadsoppstilling

Tabell 1. - Etablering av anlegget

Post	Tittel	Est.kost	Tal kurs plassar	Sum pr plass	Merknad
1.1	Anskaffelse av 3 containere	100 000,00			
1.2	Materiell til innreiing	50 000,00			
1.3	Timeløn innreiing	25 000,00			
1.4	Diverse utgifter	25 000,00			
1.5	Sum	200 000,-	55		GMBR 25 plassar Solund 15 plassar Modalen 15 plassar
1.6	Sum pr plass	200 000,-		3 636,00	

Drift av anlegget

Det er tanken at drifta av anlegget skal dekkast av kursavgift ved bruk av anlegget.

I oppstillinga over har ein teke utgangspunkt i fire kommunar som har eit konkret behov for praksisveke i samband med grunnutdanninga for brannmannskap.

Etter samtalar med resten av kommunane i regionen (Lindås, Meland, Radøy, Austrheim og Fedje) viser det seg at også desse har eit behov for eit slikt øvingsfelt og uttaler at dei også gjerne vil koma til Gulen for å få gjennomført sine kurs og trening. Dette medfører at grunnlaget for etableringa og drifta av eit slikt anlegg er monaleg større enn det som er lagt opp til i denne prosjektutredninga.

Vurdering / konklusjon

I tillegg til dei økonomiske konsekvensane, er det eit anna element som ikkje kan setjast ein kostnad på. Det er belastninga det er for manskapa å forflytta seg for å få tilgang til eit øvingsfelt.

Eg tillet meg å presisera at alt mannskap er tilsett i deltidstillingar med andre hovudarbeidsgevarar. I tillegg er dette personell som, i stor grad, har familie og andre sysler å bruka fritida si på. Om ein ikkje legg forholda til rette for at desse skal få kvardagen til å gå rundt, risikerer ein fort å oppleva at manskapa takkar for seg. Eit slikt scenario kan få konsekvensar som kan vera ei større utfordring enn den reint økonomiske.

Eg kan vanskeleg sjå at det er grunnlag for å få ei betre eller billigare løysing både for næringslivet i området, men ikkje minst for lokale brann og redningsetatane.

